



Norges Vassdrags- og Energidirektorat

Dykkar ref.

Vår ref.

Sakshandsamar

Eirin Kongestøl Espeland, 917 61 815

Dato

25.03.2025

Elektrifisering av Snorre A plattformen i Tampen-området – uttale

Equinor varsler om oppstart av planarbeid, samt forslag til utredningsprogram for å belyse mulige konsekvenser av nytt nettanlegg fra land til Snorre A-plattformen. Det er planlagt effektuttak på 180 MW fra land.

Snorre- og Gullfaksinnretningene blir i dag delvis forsynt med kraft fra vindkraftanlegget Hywind Tampen, og resterende kraftbehov blir dekket av gassturbiner på plattformene. Utbygging av ytterligere kraftforsyning fra land til Snorre A, med forsyning videre til Snorre B og Gullfaks C, blir begrunnet i målsetting om reduksjon av klimagassutslipp med 50 prosent innen 2030 og nær null i 2050.

Hovedalternativet er for kabeltraséen er tilknytning til Ålfoten transformatorstasjon. I tillegg blir det meldt om Hennøy som potensielt tilknytningspunkt til eksisterende nett. Planlagt sjøkabel er 170–190 km lang, avhengig av landfall.

Sjøkabelen er tenkt nedspylt etter legging av kabel. I strekk der nedspyling ikke er mulig og ved kryssing av andre kabler eller rørledninger er det tenkt beskyttelse av kabel med stein.

Ein vil presisere følgende tema som viktige utredningsområder i tillegg til øvrige identifiserte tema:

- 8.2 Naturmangfold
 - Identifisering og vurdering av innverknad på gyte-, oppvekst og vandreområde, både i installasjons- og driftsfasen.
 - Oppdatert kunnskap og vurdering av effekt av elektromagnetisk stråling på gyte-, yngel- og generelle funksjonsområde.
- 8.11 Fiskeri, havbruk og skipsfart
 - Estimering av restriksjoner for fiske og beslaglagt areal i forbindelse med installasjonsfasen inkludert nedspyling/tildekking.

For å sikre god sameksistens med fiskeri må nedspyling/tildekking av kabelen skje snarast etter legging av kabelen og område må fortløpende opnast for fiske.

I tillegg bør eventuelle sikkerhetssoner bør avgrensast mest mogleg.

- Sporingsdata for fiskeriaktivitet frå Fiskeridirektoratet gir et bilde av fiskeriaktiviteten til fartøy som har krav om sporing, men det er òg svakhet i desse dataene som t.d. at leitefasen ikkje er registrert. Dette er òg ein viktig del av det aktive fisket.

Det er òg manglar i dataene kystnært. Flåten 11-15 m har nyleg fått innført sporing og dermed er det lite historiske data for denne flåten. Flåten 10-11 m har fått innført sporing, men i Fiskeridirektoratet sin beskrivelse av sporingsdata står følgande:

«Om posisjonsrapportering (VMS)

Posisjonsrapportering (også kalt sporing) innebærer at fartøyet er utstyrt med en sender som er programmert til automatisk å sende data om fartøyet's posisjon, kurs og fart minst hver 10 minutt til fiskerimyndighetene.

Posisjonsrapportering gjelder for norske fiske- og fangstfartøy på eller over 10 meter.

Fiske- og fangstfartøy mellom 10-11 meter må rapportere fangst kun ved havneanløp. Disse fartøyene vises ikke derfor ikke i dette kartlaget.»

Det er dermed viktig at ein er bevisst på svakheter i datagrunnlaget ved vurdering av fiskeriaktivitet og henter inn nødvendig supplement til dataene.

- Opprydding og tilbakeføring
 - Meldinga visar ikkje til plan for anlegget etter endt levetid. Ein ber om at det blir inkludert ein avviklingsplan og garanti for fjerning og tilbakeføring etter endt driftsperiode.

Når det gjelder utforming av endeleg trasé både kystnært og ute til havs, er det ein føresetnad at fiskerinæringa blir involvert for å minimere negativ innverknad på fiskeri. Næringa må òg bli involvert i planlegginga av utleggingsfasen. Perioden areal blir stengt for fiske må minimerast og vurderast opp i mot utøving av fiskeri og viktige fiskeperiodar.

Med helsing
Sør-Norges Fiskarlag

Janita Arhaug
Dagleg leiar

Eirin Kongestøl Espeland
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og blir sendt utan handskriven signatur.